

Emnenr. 7

Fylke:

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: Avisutklipp fra
Fædrelandsvennen 3/1-55.

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Romjulskveld med soger og hendingar i gamal tid

I romjula er det «skjalingstid», og då går praten rundt om i stovene. Minna vert oppattfriska og i fantasien gjennomlevde. Gamle dagar er atter nær. Sit ein rett og lyder etter, vert det fart og spaning over forteljingane, alt etter som framføraren er god til. Det var ei sterk og hard tid, med heilt andre målestavar av materielle verdiar.

Jørund Nordibø frå Jordalsbø er ein god forteljar. Han er snart 80 år. Han har eit sjeldan godt minne, og orda vert som levande i munnen hans.

Det er tømmerdrifta han fortel om. — Den gong stod Myrkeli tett i tett med fams tre. Det vart berre nytta øks då, og skåren i stuvnen kunne titt verta over halv-meteren høgt. Eg minnest godt kor vi gutungar sprang og plukka spækene frå stuvane og nytta som kaffived. Dei måtte vera gode til å hogga, for flisene var mest som vedskier å likna....

— Ja, det var ei spikk kva ein kunne koma ut for. Ein gong kasta vi bort hestane, medan vi førde til Voliehytta. Det var om hausten. Det var kaptein Storm som skulle opp og jakta. Eg hadde vori just på moen, og vi gav oss heller god tid på vegen. —

Tenkjer det var i 96. Setesdalsbanen var ny den gong og rask i gonga. Båtferdsla frå Byglandsfjord var i høgsesong. Det leit litt utpå kvelden før vi kom i veg. Heimatt myrkna vi ute, og laut sleppa hestane og berre fylgja etter. Vi kara oss heim, og hestane fann vi att i Kolshusjordet. Det var Ketil Akhus som hadde Voliehytta til bygging. Han dreiv veldig i skogane, og mest med alle ting. Handla og nista ut reine ekspedisjonar. Tenkje seg til at vi førde opp leire frå brotet i Jordalsbø, på hesteryggen langt inn i ville heia til pipe og peis i hytta.

Men sværest var nå drifta på Skomedalsheia. Her var storskogen i Setesdalen. Einskilde tre málte 8 kvartel i stuvnen. Bjørn Torkelsen og Gunnar Såghus hogg på kvar si side ein heil dag på berre stuvnen. Dei var dertil svime karar bae to til å hogga.

Det var liv i stolsbuene då. Bjørgulv Nilson kom inn ein gong og ville sjå på drifta. Han var reddast for raunen. «De må vera varsame med foret, gutar», sa han. Dei skava borken av raunen og nytta han til husdyra.

Romjulskvelden sig endå meir på. Rødene og forteljingane stig og sig. Står oppatt og får fart og liv. Det er så mykje som har hendt og vori sagt. Snart er det vår tur til å minnast og fortelja alltid nye slekter og utviklingar.

P. V.